

Fra: Vegard Bjørnevik[vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no]  
Sendt: 27.05.2026 14:03:11  
Til: HV-09.kontakt@mil.no[HV-09.kontakt@mil.no]  
Kopi: Post[post@kvinnherad.kommune.no];  
Tittel: Til distriktssjef HV-09 Oberst Asbjørn Lysgård

---

## **Til distriktssjef HV-09 Oberst Asbjørn Lysgård**

Eg viser til rolla mi som ordførar i Kvinnherad kommune, og ønskjer med dette å ta initiativ til eit møte med Heimevernet Vestland.

Bakgrunnen er eit ønske om å styrke dialogen og samarbeidet mellom kommunen og Heimevernet, særleg knytt til lokal beredskap og totalforsvaret. I lys av dagens tryggleikspolitiske situasjon, og dei forventningane som ligg til auka sivilt-militært samarbeid, meiner eg det er viktig at me lokalt har ei felles forståing av roller, kapasitetar og mogleg samarbeid.

Kvinnherad er ein kommune med viktig nasjonal infrastruktur, som også har internasjonal betydning. Me har sentrale kraftressursar og kraftlinjenett, i tillegg til betydeleg industriverksemd med aluminiumsproduksjon. Dette er funksjonar av stor betydning både regionalt og nasjonalt, samt for den internasjonale infrastrukturen (til dømes straum til Europa) og internasjonal forsvarsevne (NATO vurderer aluminium som den viktigaste råvara innan forsvarsmateriell). Det er såleis særleg relevant å ha god samhandling knytt til beredskap og sikring.

Me har allereie ein god og konstruktiv dialog med Heimevernet lokalt. Områdesjef Tor Vidar Sæle har delteke i kommunen sitt beredskapsråd og vore ein viktig bidragsytar i arbeidet med samfunnstryggleik. Eg har òg, som ordførar dei siste tre åra, hatt høve til å vitja Heimevernet sine øvingar i Kvinnherad, noko som har gitt nyttig innsikt i deira arbeid og kapasitetar.

Med bakgrunn i dette ønskjer eg no å løfta dialogen vidare til distriktsnivå, for å sjå nærare på det overordna samarbeidet.

Eg ønskjer difor å drøfta:

- Heimevernet si rolle og tilstadeværelse i Kvinnherad
- samarbeid om lokal beredskap og samfunnstryggleik
- samhandling knytt til sikring av kritisk infrastruktur
- status for relevante kapasitetar og eventuelle behov framover
- korleis me best kan leggja til rette for godt samvirke mellom kommune og Heimevernet

Eg ser det som naturleg at også representantar frå lokalt HV-område deltek, slik at møtet får både eit strategisk og operativt perspektiv.

Me ønskjer å vera ein konstruktiv samarbeidspart i arbeidet med å styrke totalberedskapen, og bidra til at me saman står best mogleg rusta til å handtera ulike hendingar.

Eg håpar det let seg gjera å finna eit tidspunkt for møte i nær framtid, og ser fram til dykkar tilbakemelding.

Med helsing

**Vegard Bjørnevik** Ordførar

Mobil: +47 41465479 | Tlf: 53 48 31 00

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no)



*Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova, vil bli registrert i vår offentlege postjournal.*